

Opning av fleire rom ved langtidsavdelinga, Nordgardstunet, (nov. 2016).

Ved å opne fleire rom ved sjukeheimen må ein sikre ei forsvarleg teneste.

Dette medfører at ein treng ein pleiar til på kveldsvakta gjennom veka og ein pleiar til på dagtid, frå 07.15 til kl 22.00. Totalt auke vert 15,75 timar pr dag i ressursauke.

Pr år gjev dette 5748 timar. Eit årsverk er rekna til 1645 timar. Reknar ein dette om i årsverk får ein: $5748 : 1645 = 3,494$, dvs 3,5 årsverk, men problemet er at dette ikkje er det same som stillingar. Ein treng 6 nye pleiarar for å gi auka teneste på dag / kveld i helga med arbeid kvar 3. veke.

Meland Sjukeheime har hatt kompetanse og heiltidskultur som satsingsområde frå 2014 med blant anna innføring av årsturnus. Gjennom årsturnus har ein høve til å tilsette personale i kombinasjonar av faste stillingar og vikarstillingar. Ved tilsetting i heile stillingar vil vikarkostnadane gå ned då 6 nye stillingar vil gi rom for reduksjon i innleige av vikarar.

Bemanning og pleiefaktor:

Det fins i dag ingen klar definisjon av omgrepet «pleiefaktor» i Norge.

Pleiefaktor er tal på tilsette i direkte pasientarbeid i høvet til tal på pasientar i ein avdeling.

Vanlegvis er personell på natt trekt ut når ein reknar pleiefaktor.

T.d. vil ein sjukeheimsavdeling med 18 årsverk pleiepersonell dag/kveld og 20 pasientar ha en pleiefaktor på 0,90 ($18 : 20 = 0,9$).

I dag har Nordgardstunet 14,6 årsverk og 18 pasientar. Dette gir ein pleiefaktor på 0,81 noko som ikkje er spesielt høgt. Ved å auka med 6 stillingar vert totalt årsverk 20,5.

Pleiefaktor ved dei ulike avdelingane er pr. januar 2017:

Avdelingar:	Pleiefaktor – utrekning:	Pleiefaktor pr avdeling:
Nordgardstunet:	14,6 årsverk : 18 pasientar	0,81
Lerketunet:	12,04 årsverk : 12 pasientar	1,003
Solkroken:	10,1 årsverk: 9 pasientar	1,12

Ser på pleiefaktor i høvet til tal på pasientrom:

Tal pasientar	Samla årsverk i høvet pasientar	Pleiefaktor	
18 pasientar (drift i dag)	14,6 : 18	0,81	0
Auke 1 rom (19 pasientar)	20,5 : 19	1,079	6 årsverk
Auke 2 rom (20 pasientar)	20,5 : 20	1,025	Som over
Auke 3 rom (21 pasientar)	20,5 : 21	0,976	Som over
Auke 4 rom (22 pasientar)	20,5 : 22	0,932	Som over

Det ein ser av tabellen er at pleiefaktoren går ned ved opning av fleire rom og nye stillingar er det same – ikkje aukande.

Ut frå dette vert konklusjonen: **at ein kan like godt opna fire rom som eitt pasientrom.**

Kostnad for 6 stillingar vert 3,9 mil. med sosiale utgifter og ulempetillegg (Snittlønskostnad med sosiale utgifter og ulempetillegg kr. 650 000,-).

Randi Rotevatn Minde

Leiar Meland Sjukeheim.